



Saneringsnytt nr 5 – 2006

Desember 2006

Informasjon frå smittesaneringsprosjektet Friskere geiter

<http://leine.no/htg/sanering/nytt>

Innhald:

Reviderte reglar i prosjektet

Fôring av kje

Tamme kje - innlegg frå prosjektdeltakar

Tips til produsentar

Nytt frå prosjektet

Reviderte reglar i prosjektet

Det er gjort ein gjennomgang av reglane for Friskere geiter. Det er fleire grunnar til det, og det er mellom anna gjort for at dei skal bli lettare å lesa og forstå.

Det viktigaste nye er at det no er vedteke reglar for tildeling av helsestatus. Dette er vanskeleg, og det har vore arbeid med det heilt sidan prosjektet kom i gang. Håpet er at statusreglane no er lette å forstå, og at dei vil fungere på ein rett måte. Det er godt muleg at vi i løpet av ei tid etter å ha prøvd det og fått tilbakemeldingar, må gjera justeringar.

Alt dette kan lesast og lastast ned på denne adressa

<http://leine.no/htg/sanering/dokument/regler.pdf>

Kva skal ein fôre kjea med denne sesongen?

Ein ny kjeings sesong er i gang og spørsmålet om kva slags mat ein skal gje til kjea er aktuelt. Alle veit at mjølk frå geit er det mest naturlege dei fyrste vekene. Det vi også dessverre veit er at det ikkje er trygt å gje kjea geitemjølkk. Dette er særleg farleg i sanerings-sesongen, då mjølkegeitene er sikkert CAE-positive. Men det kan heller ikkje tilrådest i CAE-kontrollerte buskapar før det har gått fleire år etter sanering.

Difor treng ein mjølkeerstatning, slik at ein kan gje kjea det nest beste. Her må ein med det same understreke **mjølkk**. Det er ein del produkt på marknaden som ikkje inneheld mjølkeprotein, eller i berre svært liten grad.

Alle som les dette kjenner godt til problema med kje- og lammefôring som avisene omtala i vår. Det har ført til at det for tida ikkje er noko utprøvd produkt for kje som byggjer på norske råvarer. Dette blir det arbeid med og frå neste sesong bør det ha skjedd mykje.

Norske fôrprodusentar prøver ut nye oppskrifter. Det blir også diskutert å prøve å varmebehandle og turke geitemjølkk. Det siste er svært interessant då det har vore eit overskot av geitemjølkk i landet dei siste åra. Det ville vera fint dersom ein ved å utnytte geitemjølkk til dette formålet kan få eit godt produkt som kan brukast til å fôre kjea med. Enno er det for tidleg å seia noko meir om dette.

Slik situasjonen er, er det altså ikkje noko norskprodusert fôr som er sikkert nok å fôre kje med. Dette er svært synd, då vi alle arbeider for å gjera norsk landbruk og landbruksprodukt betre og sterkare, ikkje minst ved å gjera geita friskare.

Denne sesongen er det, etter det prosjektet kjenner til, berre eitt produkt som ein kan tilrå til bruk ved fôring av kje, nemleg, **Sprayfo**. Dette er eit hollandsk produkt. Det er to variantar, varianten med skummamjølkkpulver er truleg den beste dei to fyrste levevekene. Vi får håpe at det innan neste sesong blir utvikla nye, norske produkt som held mål. Dette vil sjølvsagt vera med på å styrke norsk mjølkeproduksjon, både når det gjeld geit og ku. Men i år må deltakarane i prosjektet Friskere geiter satse på det fôret som erfaringsmessig vil gje flest overlevande og friske kje. Det blir lagt ned ein så stor innsats både frå samfunnet si side og frå

den enkelte geiteprodusent at ein kan ikkje tilby dei kjea som skal bli grunnstamma til ein frisk norsk geitepopulasjon anna enn det beste ein kan få tak i.

Tamme kje

Hei,

Eg foreslår at saneringsprosjektet setter noko meir fokus på at kjea som omsettes i prosjektsamanheng er tamme.

Me har hatt ekstremt mykje arbeid med dei villaste me har kjøpt. 2 av dei har me enda ikkje greid å få tak i. Søndag gjorde me eit forsøk. Då var me 11 stk i aksjon i dei bratte fjellsidene bortom, men dei glapp for oss. 11 stk x 4,5 timar = 49,5 timar berre for dette eine forsøket. Og det er 4 gongen me prøver.

Kje er ville p.g.av. gener, men mest p.g.av miljø, dvs kor mykje dei har vorte handtert og kost med når dei er små har stor betydning. At de har lært å koma til handi og kraftforbøtta. Dette arbeidet må skje om vinteren når dei er tilgjengelege. Når man kjøper så mange kje på ein gong og setter dem rett ut vil man ikkje ha mulighet for å temme dei villaste. Når man skal snakka med kjea, vert ein omringa av alle tamme og dei ville får ein aldri kontakt med. Så lenge dei er i flokk med tamme, er ikkje problemet altfor stort. Men om de deler seg i små dotter slik dei plar om hausten, kan det verta heilt umuleg, spesielt i vårt terreng.

Me har kjøpt kje frå 4 eigarar og ser heilt klart forskjell på kor tamme dei er frå eigar til eigar. Derfor burde dette anten spegla seg i prisberekninga på sanerte kje eller vore eit krav ved levering av kje i prosjektet.

Med helsing
Pascale Baudonnel

Tips

Tekniske tips

Alf Grønstad, Etne har fått tak i svært så gode og billige plastplater til veggjar og forbrett. Geitene klarar ikkje å eta på dei. Han har også lagt fronten i gardane på skrå slik att geita ikkje klarar i skita på forbrettet, det er hygienisk og gjev mindre arbeid.

Finn beste pris

Det er ulike firma som leverer varer som kan brukast i saneringsarbeidet. Dette er f eks desinfeksjonsmiddel, fjøsinnsreining, mjølkeerstatning osv.

Her er ei liste over internettadresser som kan prøvast

<http://www.bole.no/>

<http://www.nessemaskin.no/>

<http://fk.no/>

<http://www.husdyrsystemer.no/>

Det går også an å sjå gjennom Sau og Geit. Der er det mange annonser.

Dersom ein tek seg tid til å undersøkje, kan ein spare pengar. Det viser seg at prisane kan variere svært mykje.

Nytt frå prosjektet

Produksjon

Saneringsnytt har av og til hatt oversikt over korleis produksjonen er i sanerte buskapar.

Det er no rekna ut ein del tal på grunnlag av geitekontrollen for 2005. Desse utrekningane viser på nytt det vi har sett tidlegare, det er høgare produksjon i sanerte buskapar.

Vi kan sjå at produksjonen er høgare i sanerte buskapar i alle dei tre årsklassene vi til no kan samanlikne. Skilnad i kg mjølk varierer mellom 19,5 % - 21,5 %. Skilnad i kg totalt tørrstoff varierer mellom 18,1 % – 21,3 %. Den skilnaden det er på geiter i 1. laktasjon held seg også i dei to neste laktasjonane. Dette viser tydeleg at fôring av kje og helsetilstanden til kje har stor innverknad i alle fall på dei tre fyrste laktasjonane.

Kg mjølk 2005, gjennomsnitt pr dyr

	1. laktasjon	2. laktasjon	3. laktasjon
Sanerte	589	717	784
Ikkje sanerte	485	599	647
Skilnad	104	117	137

Kg totalt tørrstoff 2005, gjennomsnitt pr dyr

	1. laktasjon	2. laktasjon	3. laktasjon
Sanerte	67,2	79,8	87,2
Ikkje sanerte	55,6	67,6	71,9
Skilnad	11,6	12,2	15,3

Deltaking og påmelding

Påmeldinga til prosjektet går no nærmast kontinuerlig heile året. Det ville frå prosjektet si side vera ynskjeleg at vi hadde alle påmeldingar for neste år i god tid før sesongen startar. Slik er det også i dei fleste tilfella. Men det viser seg at det ofte oppstår uventa situasjonar som gjer at folk må trekkje seg frå arbeidet. Det skjer også det motsette, enkelte produsentar finn ut at dei må gjera det svært snøgt, både av omsyn til eigne planar og for å hjelpe naboar.

Då vi hadde planlagt sesongen 2006 var det 45 som skulle sanere. No er talet 58 buskapar for 2006. Dette har gått opp og ned i løpet av året.

I 2007 startar vi med 42 påmeldte, men det blir heilt sikkert ikkje det endelege talet.

Til 2008 er det så langt meldt seg på 71. Vi har heldigvis økonomisk hjelp frå TINE til å fylgja opp desse skiftande behova, men så ser vi likevel ved slutten av året at budsjettet går omlag i hop. Resultatet så langt er at fleire buskapar enn planlagt har sanert.

Kurs for veterinærer, "Geitehelse og rådgiving i sanerte besetningar",

fann stad på Veterinærinstituttet i Oslo den 20. og 21. november.

Det var 17 foredragshaldarar og 57 deltakarar med på kurset. Tilbakemeldingar har vore svært positive og det var også stor medverknad frå salen under mange av innlegga. Det tyder på at stoffet var av interesse. Vi var så heldige å få med nokre veterinærer frå England og Sverige. Desse heldt eit høgt fagleg nivå. Det må ein også seia om dei norske innleiarane, så alt i alt var det mykje å hente på å vera der.

Dei fleste presentasjonane ligg på internett, <http://leine.no/htg/sanering/seminar/sem2006.htm>
David Harwood sin presentasjon kan ein få dersom ein vender seg til prosjektet.

Friskere geiter vil ynskje alle deltakarar og andre lesarar av Saneringsnytt ei god jul og eit riktig godt nyttår!

